



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		21/84

SAMTYKKE TIL OPPSTART AV FORMELL VERNEPROSESS FOR ØYSTESEFJELLA NASJONALPARK, MED DELAR AV BERGSDALSFJELLA

Vedlagte saksdokument:

Tilrådingsbrev fra Miljødirektoratet 07.04.21

Oppdragsbrev til Statsforvaltar 09.11.21

Referat orienteringsmøte Øystesefjella 01.03.22

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre gjev Statsforvaltaren samtykke til å starte formell verneprosess for skiping av Øystesefjella nasjonalpark, med nærmere utgreiing om grunnlaget for vern.

Samtykket er avgrensa til aktuelle område i Bergsdalsfjella i Vaksdal kommune.

Det er eit vilkår at prosessen skjer i nært samarbeid med kommune, grunneigarar og aktuelle interesseorganisasjonar.

Saksopplysningar:**Samandrag (kort om saka)**

Statsforvaltaren i Vestland har etter oppdrag frå Miljødirektoratet, starta verneprosess for etablering av Øystesefjella nasjonalpark, inkludert areal i Bergsdalen i Vaksdal kommune. I tillegg inngår areal i Kvam herad og Samnanger kommune.

Statsforvaltaren har no bede kommunane om lokal aksept til vidare utgreiing av vern, med oppstart av formell verneprosess.

Kommunedirektøren rår til at Vaksdal kommunestyre gjev samtykke til å vidareføre og formalisere arbeidet med vern av Øystesefjella nasjonalspark for areal som høyrer til Vaksdal kommune.

Kvar kommune skal på sjølvstendig grunnlag ta stilling til opprettning av nasjonalparken når endeleg verneframlegg ligg føre.

Bakgrunn for saka

Statsforvaltaren i Vestland har fått i oppdrag å førebu verneprosess for mogleg oppretting av Øystesefjella nasjonalpark. Det aktuelle området hører til Kvam herad, Samnanger kommune og Vaksdal kommune. Arealet i Vaksdal ligg i Bergsdalsfjella, mellom Lid og Røldland.

FØREBUING AV VERNEPROSESSEN

Prosessen tek utgangspunkt i oppdragsbrev frå Miljødirektoratet av 09.11.22, om å førebu vern av nye nasjonalparkar, mellom anna Øystesefjella nasjonalpark. Dette byggjer på Klima- og Miljødepartement sitt oppdrag til direktoratet, om å kome med framlegg til nye område for supplerande vern (brev av 19.09.18).

Oppdraget til Statsforvaltaren handlar i første omgang om å gjere forarbeid før eventuell oppstart av formell verneprosess. Her inngår informasjon til kommunar og grunneigarar som ein sentral del.

Statsforvaltaren gjennomførte orientering til kommunane på fellesmøtet i Nordheimsund. I tillegg har fylkesmiljøvernsjef Kjell Kvingedal informert Vaksdal kommunestyre om prosessen. Det er òg lagt opp til grunneigarmøte i Bergsdalen med det første.

LOKAL AKSEPT SOM VILKÅR FOR VIDARE UTGREIING AV VERNET

I følgje Statsforvaltaren er lokal aksept eit vilkår for vidare utgreiing av vern. Her vert kommunestyra bedne om å melde tilbake deira syn på ei videreføring av arbeidet (politiske vedtak).

Samtykke frå kommunane gjev grunnlag for å starte med sjølve verneprosessen. I dette ligg kunnskapsinnhenting om naturkvalitetar, kartlegging av brukarinteresser og vurdering av konsekvensar ved eit vern. Prosesen skal vere open og tilgjengeleg for alle, og endeleg framlegg skal leggjast ut på offentleg høyring.

Prosesen om mogleg vern er no inne i fase 2 av totalt 9 fasar.



Sjølv om det vert gjeve aksept til å sende ut oppstartsmelding om vernearbeidet, skal kommunane på sjølvstending grunnlag uttale seg om verneframlegget når det ligg føre.

UTGREIINGSOMRÅDE OG VERNEVERDIAR

Førebels utgreiingsområde for Øystesefjella nasjonalpark, er vist på kart (sjå under). For Bergsdalen sin del, inngår fjellområdet mellom Lid og Røldland i planane (gnr. 77, 76, 75, 74, 73, 72). Skogressursane skal ikkje inngå i vernet, i følgje tilgjengeleg informasjon.

Statsforvaltaren har ikkje teke endeleg stilling til avgrensing av utgreiingsområde eller framlegg vernegrenser. Endringar kan difor inntrefje.

Verneverdiane i området er mellom anna knytt til store, inngrespsfrie areal og stadvis kalkrik grunn, med grunnlag for rik flora. Området har også god tilrettelegging for friluftsliv, gjennom merka rutenett og DNT-hytter.

Nærare informasjon om prosessen går fram av Statsforvaltaren sine nettsider:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/oppdrag-nasjonalpark-øystesefjella/>



Førebelts utgreningsområde/arbeidsgrense for Øystesefjella nasjonalpark.

Formelt grunnlag

Sjå vedlagte saksdokument.

Vurdering og konsekvensar

Kommunedirektøren ser på informasjonen fra Statsforvaltaren som tilstrekkeleg for å vurdere samtykke til formell oppstart av verneprosessen, eller ikkje.

Kommunedirektøren vektlegg at eit samtykke til å starte prosessen, ikkje gjev føringar for kommunen si haldning til framtidig verneframlegg. Dette vil kommunen kunne ta endelege stilling på eige grunnlag, men aksept signaliserer positiv innstilling til verneprosessen, med nærmere utgreiinger.

Kommunedirektøren har ikkje merknadar til Statsforvaltaren si skildring av utgreiingsområdet, med vernekvalitetar. For kommunen vil det vere viktige å få utgreidd desse nærmere, spesielt for området i Bergsdalsfjella. Her vil både naturverdiar, friluftsverdiar og lokale bruks-/næringsverdiar stå sentralt. I dette høvet peikar kommuneplanen sin arealdel på desse verdiane som sentrale for utviklinga i Bergsdalen.

I følgje skissa til mogleg utgreiingsområde, vil verneprosessen omhandle areal i fjellet, og ikkje jordbruks- og næringsområdet i sjølve dalføret. Dette ser kommunedirektøren som eit viktig utgangspunkt.

Dagens lokale bruk av det aktuelle området i næringssamanheng, er hovudsakleg knytt beitebruk og eventuelt skogbruk. Grunneigarane på Berge har tidlegare søkt om kraftutbygging i fjellet, utan å få samtykke. Det er no vist interesse for å sende ny søknad. Rammene for dette, og annan mogeleg arealbruk, som tilkomst til hytter og liknande, vil vere viktig å få avklart i det vidare arbeidet.

Ved ein framtidig verneprosess bør kommunen leggje opp til aktiv medverknad, og stiller krav om at grunneigarar og andre interesser vert involvert i prosessen. Dette er også er Statsforvaltaren sitt utgangspunkt.

Kommunedirektøren meiner at namnet på ein mogleg nasjonalpark bør spegle arealet som inngår. Av den grunn er det naturleg å vurdere namnet på området i høve til dette.

Konklusjon

Kommunedirektøren går inn for at Vaksdal kommune, ved kommunestyret, gjev samtykke til vidare verneprosess om etablering av Øystesefjella Nasjonalpark, inkludert arealet i Bergsdalsfjella.